

# Moshuset søre

Av Knut Raastad, 2017



Moshuset var husmannsbruk under Mo i Nordherad og ligg vest for Mo. Det var også eit bruk som vart kalla søre Moshuset og tomter etter dette finst ovanfor vegen aust for Lusa.

Vi finn ikkje nokon familie som er nemnd på søre Moshuset korkje ved folketellingar eller fødslar. Den einaste familien i Moshuset vi ikkje kan plassere i høve til andre familiar der er i åra 1834 til 1839. Dette tidspunktet kan stemme med ei historie som har vore fortalt på Mo om folk i søre Moshuset og Skjedsvollin.

Peder Olsen Valbjørsløkken 1800-1838 vart 1830 gift med Rønnaug Knutsdotter Kleppeie f.1802. I 1839 var det skifte etter Peder Olsen Huset og Rønnaug Knutsdtr. Dei hadde 3 barn:

Knut f.1830

Rannei f.1834

Ole 1837-1872, død som legdslem på Bergum

Kjelder:

Opplandarkivet Vågå: familieark, avskrifter kyrkjebok, grunnbok, pantebøker mm.

Folketelling 1801, 1865, 1875, 1900, 1910